


ETNE KOMMUNE
Etne tenestetorg

Kultur og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep,
0030 OSLO



Etne, 27.04.2007

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2007000154/2007002424

Arkiv:
N-230

Sakshandsamar:
MAR

BIBLIOTEKREFORM 2014

Saka vert handsama i Komite Folk 25 04 2007. Vedlagt følgjer kopi av saka.

Med helsing

Eva Wiik Hustoft
Eva Wiik Hustoft
sekretær

Vedlegg: Fo-sak 021/07



Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Folk	25.04.2007	021/07	MAR

Sakshandsamar: Marit Rønnevik	Arkiv: N-230	Arkivsaknr: 2007000154
---	---------------------	----------------------------------

HØYRINGSBREV - BIBLIOTEKREFORM 2014

Vedlegg i saka:

Bibliotekreform 2014. Del 1 Strategier og tiltak

Utrykte saksdokument:

Bibliotekreform 2014 Del 2 Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur

Saksgang:

Komite Folk

Utskrift til:

Kultur og kyrkjedepartementet, Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo. Innan fristen 1.mai.

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev av 05.01.07 sendt på høyring "Bibliotekreform 2014". Høyringsfristen var sett til 01.04.2007, men er utvida til 01.05.2007.

Departementet ber særleg om kommentarar knytt til forslaga om ei endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren.

2. Bakgrunn for saka:

Statens organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga "Bibliotekreform 2014" om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet. Utgreiinga var utført av ABM-utvikling på vegne av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet og omfattar alle offentlege bibliotek.

Målet for reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek. Dei skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar. Biblioteka skal vere synlege og gje gode og etterspurde tilbod på internett, i forskning og undervising og i lokalsamfunnet.

Bibliotekutgreiinga består av to hovuddokument; eit omfattande bakgrunnsdokument og eit meir kortfatta dokument med strategiar og tiltak. I tillegg er det laga fleire delutgreiingar.

Ein føresetnad for gjennomføring av bibliotekreforma er eit samarbeid der alle forvaltningsnivå, bibliotekeigarar og bibliotek er med og gjennomfører tiltaka i reforma.

Dei tre viktigaste elementa i reforma er i følgje høyringsbrevet:

- Felles nasjonale digitale tenester
- Norgesbiblioteket – eit nettverk av bibliotek i Noreg
- Kompetanseutvikling av tilsette i biblioteksektoren

Det fysiske biblioteket skal vera ein stad for læring, kulturformidling og kulturelt mangfald. Nedanfor er eit samandrag av tema med tilhøyrande mål.

Målområde 1: Innhald og tenester

- 1.-3. Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester.
4. Vidareutvikla biblioteket som læringsarena og læringsressurs. Vera ein kunnskapsbase og styrkja informasjonskompetansen hos elevar, studentar og folk elles.
5. Vidareutvikla kultur- og litteraturformidlinga. Tilby eit breitt tilbud av litteratur og andre kulturuttrykk. Styrkja lokal identitet gjennom formidling av lokalhistorie.
6. Styrkja biblioteka som bidragsyterar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.
7. Styrkja bibliotektenestene i fengsla

Målområde 2: Struktur og organisering

1. Styrkja og utvikla dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket. Etablera sterkare og meir kompetente folkebibliotek med minimum 6-8 årsverk gjennom konsolidering på tvers av kommunegrenser. Setja i verk program for skolebibliotekutvikling.
2. Vidareutvikla det fysiske biblioteket. Framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø og lokala skal vera tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar.
3. Utvikla eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek. Folk skal møta ein samla biblioteksektor med klar oppgåvefordeling og gode distribusjonsordningar mellom biblioteka. Ressursane skal vera tilgjengelege for alle uavhengig av bustadkommune, tilknytning til utdanningsinstitusjon eller arbeidsplass. Folk skal ha gode kunnskarar om tilgjengelege bibliotektenester. Biblioteka skal utvikla gode evalueringsmetodar som grunnlag for utviklingsarbeid.

4. Utvikla reiskapar og metodar til evaluering og kvalitetsheving av verksemda i biblioteka.

Målområde 3: Kompetanse og forskning

1. Fornya den samla kompetansen i biblioteksektoren
2. Støtta fagleg utvikling og kunnskapsdeling på tvers av og innanfor dei ulike bibliotekfagle områda og som ABM-samarbeid.

Total ramme for reforma er 416 millionar kroner.

3. Problemstilling:

Bibliotekutgreinga er eit dokument som vil leggja grunnlag for bibliotekpolitikken i lang tid framover og ein har valt å fokusera på dei punkta som vil berøra vårt lokale bibliotek. Det skal byggjast nytt hovudbibliotek i Etne og Etne bibliotek og Vindafjord bibliotek har inngått eit forpliktande samarbeid som har gjeve positive resultat etter kort tid både med omsyn til IT-samarbeid, tilbod og kompetanseheving og det er konkrete planar for ei utviding av samarbeidet. Framlegga i bibliotekutgreinga vil slå ut negativt for begge desse tiltaka ettersom framtidige statlege tilskott både til biblioteklokale, utvikling og kompetanseheving skal gå til store konsoliderte bibliotek på minimum 6-8 årsverk. Dette kan føra til ei utarming av våre bibliotek og eit dårlegare tilbod til innbyggjarane.

4. Vurdering:

1. Generelle kommentarar

Det er nødvendig med ei reform som tek eit samla grep om utviklinga av biblioteka. Bibliotekreform 2014 gjev eit godt bilete av ein samla norsk biblioteksektor og dei utfordringane ein står framfor. Det er eit politisk mål i reforma at innbyggjarane i Noreg skal ha lik tilgang til kultur- og kunnskapskjelder og visjonen Norgesbiblioteket er ein god måte å nå dette målet på, men me stiller oss kritiske til at statlege løyvingar berre skal koma nokre bibliotek til gode. Strukturendringar og kompetanseheving kan heller ikkje kompensera for at løyvingane til folkebiblioteka ligg langt under nabolanda våre, noko som også viser att i mindre bruk. Staten bør gjennomføra eit Bibliotekløft med auka driftsmidler til folkebiblioteka.

2. Kommentar til dei einskilde forslaga

STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 1: INNHOLD OG TENESTER I NORGESBIBLIOTEKET

Strategi 1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Tiltak: Gi tilgang til sentrale kunnskapskjelder gjennom lisensar og andre vederlagsordningar

Fri tilgang til digital informasjon frå viktige kunnskapsbasar (leksikon, ordbøker, tidsskrift og aviser) er ei svært viktig oppgåve for å sikra vilkåra for demokrati og lik tilgang til kunnskap for uansett økonomisk evne. Dette bør gjennomførast snarast.

Strategi 1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Tiltak: Setje av nasjonale midlar til produksjonsstøtte og litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken (DKS)

Den kulturelle skulesekken har for få litteraturtilbod og det trengst ei auka satsing. Det må setjast opp turnear ut frå avstander og kommunikasjonar, uavhengig av fylkesgrenser.

Tiltak: Styrke og utvide de offentlige innkjøpsordningane for litteratur og andre medier. Innkjøp av ny norsk film og dataspel er positivt og innkjøpet av faglitteratur og musikk bør styrkjast. Distribusjon av lydbøker vil truleg gå over til nedlasting av lydfiler og det er svært viktig at tilgang til desse ressursane også går inn under innkjøpsordningane. Marknadsføringsmateriell for innkjøpte media må utarbeidast og distribuerast samtidig med bøkene som eit viktig grunnlag for formidling.

STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 2: STRUKTUR OG ORGANISERING

Strategi 2.1 Styrkje og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgeschbiblioteket

Tiltak: Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar

- Biblioteka har lang tradisjon med samarbeid og ønskjer å utvikla dette vidare også på tvers av sektorar. Det er ikkje naudsynt å innføra strenge strukturelle krav frå statleg hald for å få ønska effekt. Biblioteka har danna nettverk for utnytting av samlingar og kompetanse gjennom mange år, Nordhordlandsbiblioteka er eit godt døme i vårt fylke. Staten må kunna støtta samarbeidsformer ut frå lokale tilhøve uansett modell.
- Ei konsolidering kan føra til eit høgare servicenivå ved regionbiblioteket og dårlegare ved dei andre avdelingane. Denne effekten blir forsterka når investeringsprogram og utviklingsmidlar skal øyremerkast dei største biblioteka. Resultatet kan bli i strid med hovudmålet om lik tilgang til bibliotektenester uansett bustad.
- Folkebibliotek og skulebibliotek er tilbod som vert brukt dagleg og av grupper som ikkje er like mobile og ein kan ikkje venta at dei skal bruka eit bibliotek fleire mil unna. Nærleik er viktig på ein annan måte enn t.d. for museum. Topografi og kommunikasjonar må kunna spela ei rolle for organisasjonsmodell.
- Ei konsolidering vil føra til at kommunen ikkje får full råderett over verksemda lenger og ikkje kan tilpassa det lokale biblioteket til spesielle behov og ønskje.
- Samarbeid med andre sektorar er like viktig som samarbeid med andre bibliotek. Biblioteka ligg i skjeringpunktet mellom utdanning, kultur, omsorg, administrasjon og næring både lokalt og sentralt. Reforma burde ha eit større fokus på korleis biblioteka skal bli ein viktig samarbeidspart og medspelar for dei ulike sektorane og inngå i aktuelle reformer innan desse områda.
- Dersom folkebibliotek og skulebibliotek skal vera med og gjera Noreg til ein leiande kunnskapsnasjon må det tilførast auka ressursar. Problemet er for dårleg kvalitet på innhald og dette kan ikkje løysast berre med strukturelle endringar og kortsiktige prosjekt. Det må sikrast substans og kontinuitet på drift og kommunane må gjerast i stand til å halda biblioteka opne og kunna tilby gode lokale og samlingar. Tiltak som Kunnskapsløftet, og styrking av kulturskular og barnehagar viser at ekstra løyvingar til drift frå staten si side er mogeleg.

TILTAK: IVERKSETTE EIT PROGRAM FOR SKOLEBIBLIOTEKUTVIKLING

Skulebibliotek har fått alt for lite fokus i skulereformene, og eksisterer mange stader berre i namnet, utan personale, samlingar eller tilrettelagte lokale. Det må iverksetjast eit program for skuleutvikling snarast dersom skulebiblioteka skal ha ei viktig rolle i undervisninga og i utviklinga av informasjonskompetanse for elevane.

Strategi 2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket

TILTAK: ETABLERE EIT INVESTERINGSPROGRAM FOR BIBLIOTEKLOKALE

Det må innførast investeringstilskot til alle nye bibliotek på line med andre kulturbygg. Gode lokale er ein suksessfaktor, og avgjerande for om biblioteka skal kunna fungera som læringscenter, møtestad og arena for arrangement. Vilråra for tilskot må vera like for alle og ikkje berre tilfalla konsoliderte bibliotek.

Strategi 2.3 Utvikla eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Tiltak: Endra dagens biblioteklovgjeving for å sikra samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk.

Det er særst viktig å inkludera alle offentlege bibliotek i eit meir forpliktande samarbeid.

STRATEGIAR OG TILTAK UNDER MÅLOMRÅDE 3: KOMPETANSE OG FORSKING

Strategi 3.1 Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren

Tiltak: Etablere eit kompetanseutviklingsprogram

Tiltak: Utvikle eit hospiteringsprogram for bibliotektilsette

Kompetanseutvikling og med dette betre kvalitet i bibliotektenestene er viktig, men utdanningsprogram må ikkje berre rette seg mot dei konsoliderte biblioteka. Det må takast høgde for at framtidig bibliotekstruktur kan få andre, regionale og lokale modellar.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Komite Folk sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna

25.04.2007 KOMITE FOLK

Rådmannen sette fram følgjande revidert tilråding i møtet:

” Etne kommune sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna.”

FO-021/07 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune sluttar seg til innhaldet i høyringsfråsegna.

Rett utskrift
ETNE KOMMUNE

STABEN: 27.04.2007
Eva Wike Hustoft